



Øyvind Lernes, Leif Sverre Enes, Peder Sjø Slettebø og Gunn Mari Moberg (frå venstre) under Høgre-årsmøtet

Årsmøtet i Kvinnherad Høgre drøfta ikkje skulestrukturen i kveld men møtet kom med ei uttale om Undarheim som og handla om Uskedalen. Det vart slege fast at Undarheim er i dårleg forfatning. Difor vil partiet prioritera ei opprusting av den på topp etter at Uskedalen er ferdig med den vedtekne oppgraderinga.

Årsmøtet strekar under at kommunen må utnytte den gunstige statlege ordninga med rentefrie lån til oppgradering av skulebygga.

Leiar Øyvind Lernes peika på at Uskedalskulen er vedteke opprusta og at finansiering er sikra. Difor må denne skulen komma først medan den neste vert Undarheim som nesten er i like dårleg forfatning som ungdomsskulen i Rosendal før rivinga.

I ei anna uttale seier årsmøtet at nedleggjinga av aldersheimen på Varaldsøy førte til ei nedbyggjing av sjukeheimsplassar som ikkje er forsvarleg. Difor må den planlagte utvidinga av Rosendalstunet skje snarast råd og planleggjing om grunnkjøp verta ferdig innan utgongen av året.

Årsmøtet var også oppteke av å få lagt ned to komitear som partiet meiner ikkje har nokon fornuftig funksjon. Det er komiteen for helse, omsorg og miljø og komiteen for oppvekst, kultur og idrett. Partiet meiner dei ikkje fungerer og betyr bortkasta tid og arbeid samt pengeløsing. Konklusjonane går rett til formannskapet utan at det vert teke omsyn til kva komiteane meiner.

I årsmeldinga seier partiet som no har 11 representantar i kommunestyret at det har lagt vekt på å vera eit konstruktivt opposisjonsparti men at det også har synleggjort sin alternative politikk gjennom andre løysingar og nye

moglegheiter. Eit alternativt budsjett er det viktigaste element i dette arbeidet.

Om sjukeheimplassane seier partiet i årsmeldinga at desse no er på eit kritisk nivå og om skulen at det er godt fornøgd med at midlertidige strukturendringar ikkje vart vedteke.

Øyvind Lernes held fram som leiar eitt år til og med seg i styret har han Arne Bjørnevik (ny), Gunn Mari Moberg (attvald), Peder Sjø Slettebø og Leif Sverre Enes.

Berre 10 av dei 117 medlemene var på årsmøtet i KV-lokala.

Tekst og foto: Ola Matti Mathisen